



## Møteprotokoll Kommunestyret

**Møtedato:** 22.06.2016  
**Møtestad:** Kjelstraumen Vertshus  
**Møtetid:** 12:00 -1530

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Anne Dahle Austrheim	KRF	Varaordførar
Siri Kaland	AP	Medlem
Hardy Pedersen	AP	Medlem
Merethe Rikstad Tresvik	AP	Medlem
Monika Thorpe	AP	Medlem
Trude Sleire	AP	Medlem
Tore Austrheim	AP	Medlem
Jorund Stellberg	H	Medlem
Morten Sognnes	H	Medlem
Viggo Leirvåg	H	Medlem
Randi Dyrøy	KRF	Medlem
Jan Erik Espelid	V	Medlem
Petter Lerøy Skårnes	V	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Asbjørn Brandtun	AP
Rikke Heldal Hope	H

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle
Bjørn Helge Olsen	AP	Varamedlem
Solveig Hopen	H	Varamedlem

---

### Desse møtte frå administrasjonen:

---

Rådmann Jan Olav Osen, assisterande rådmann Olav Mongstad, økonomisjef Olav Andersen, kommunalsjef Torleiv Frotjold, avdelingsleiar Asbjørn Toft og avdelingsleiar Rolf Henning Myrmel. I tillegg deltok Stein Kåre Løvslett under handsaming av sak 064/16.

Per Lerøy  
ordfører

Jan Olav Osen  
rådmann

## Sakliste

Saknr	Tittel
060/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
061/16	Godkjenning av møteprotokoll
062/16	Meldingar
063/16	Orienteringssak
064/16	Vedtak - KommuneROS Austrheim utkast 10.06.2016 - utlegging til gjennomsyn
065/16	Kommunestruktur - Ny kommune eller halde fram som eigen kommune
066/16	Vidare organisering av reiselivet for kommunane i Region Nordhordland
067/16	Høyingsvar Hordaland fylkeskommune si rullering av skulebruksplan 2017-2030
068/16	Utplanering i Breidvik eiendom AS sitt sjøområde og geoteknisk undersøkelse- Fordeling av kostnadene kr. 749.041,-
069/16	Kjøp av bustad
070/16	Detaljregulering Mongstadporten Aust, Gnr. 130 Bnr. 93 - Planid. 2014003 - Godkjenning
071/16	Årås skule - Overflytting av skulebiblioteket til biblioteket
072/16	Utarbeiding av rusmiddelpolitisk handlingsplan
073/16	Tertialrapport nr. 1 - 2016
074/16	Budsjettjusteringar nr. 1 - 2016
075/16	Budsjett 2016 - Økonomiplan 2017 - 2020
076/16	Søknad om permisjon for politisk verv
077/16	Bruken av ekstraordinære budsjettmidlar til kommunen
078/16	Utviding og fornying av skjenkeløyve for Kjelstraumen Vertshus AS

## **060/16: Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

## **22.06.2016 KOMMUNESTYRET**

Ved tilleggsinnkalling er det sendt ut to ekstra saker 077/16 - Bruken av ekstraordinære budsjettmidlar til kommunen og 078/16 - Utviding og fornying av skjenkeløyve for Kjelstraumen Vertshus AS.

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **KS - 060/16 - 22.06.2016 - Vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

## **061/16: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

## **22.06.2016 KOMMUNESTYRET**

Protoll frå møte den 07.04.16 vert tatt til godkjenning i møte den 15.09.16.

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **KS - 061/16 - 22.06.2016 - Vedtak:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

---

## **062/16: Meldingar**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering

## **22.06.2016 KOMMUNESTYRET**

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **KS - 062/16 - 22.06.2016 - Vedtak:**

Meldingane vert tekne til orientering

---

### **063/16: Orienteringssak**

**Rådmannen sitt framlegg:**

## **22.06.2016 KOMMUNESTYRET**

- Folkehelsekoordinator Helge Dyrkolbotn orienterte om folkehelseoversikten for Austrheim kommune som vart utdelt i møtet.

- Helge Dyrkolbotn og Rolf Henning Myrmel orienterte om prosjektet bustader til minderårige asylsøkjjarar.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **KS - 063/16 - 22.06.2016 - Vedtak:**

Orienteringane vert teke til vitande.

---

### **064/16: Vedtak - KommuneROS Austrheim utkast 10.06.2016 - utlegging til gjennomsyn**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Utkast til overordna heilskapleg risiko- og sårbaranalyse for Austrheim kommune, KommuneROS Austrheim 2016 , med tilhøyrande analyser og utgreiingar, vert lagt ut til offentleg gjennomsyn og høyring i samsvar med reglane i Plan og Bygningslova § 11-14.

Frist for innspel vert sett til 29.08.2016.

## **22.06.2016 KOMMUNESTYRET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **KS - 064/16 - 22.06.2016 - Vedtak:**

Utkast til overordna heilskapleg risiko- og sårbaranalyse for Austrheim kommune, KommuneROS Austrheim 2016 , med tilhøyrande analyser og utgreiningar, vert lagt ut til offentleg gjennomsyn og høyring i samsvar med reglane i Plan og Bygningslova § 11-14.

Frist for innspel vert sett til 29.08.2016.

---

## **065/16: Kommunestruktur - Ny kommune eller halde fram som eigen kommune**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommune held frem som eigen kommune.

## **22.06.2016 KOMMUNESTYRET**

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 13 røyster mot 4 røyster(Jorund Stellberg, Solveig Hopen, Jan Erik Espelid og Petter Lerøy Skårnes)

### **KS - 065/16 - 22.06.2016 - Vedtak:**

Austrheim kommune held frem som eigen kommune.

---

## **066/16: Vidare organisering av reiselivet for kommunane i Region Nordhordland**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

1. Austrheim Kommunestyre ynskjer å organisera reiselivet i regionen ved å inngå ein samarbeidsavtale mellom Region Bergen Reiseliv og kommunane i Nordhordland (Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy) representert ved Nordhordland Utviklingsselskap IKS.
2. Austrheim Kommunestyre gjer årleg tilskot til Region Bergen Reiseliv i tråd med forslag til forretningsplan og saksgrunnlaget, med ein grunnsum på kr 20 000,- pr. år og i tillegg kr 14 pr. innbyggjar i 2017 og justert i samsvar med prisindeksen dei komande åra.

3. Samarbeidsavtale vert utbeidd av Region Bergen Reiseliv og Nordhordland Utviklingsselskap IKS med grunnlag i forretningsplanen og vedtaka i kommunestyra. Samarbeidsavtalen vil bli lagt fram for kommunane før endeleg signering.
4. Denne avtalen gjeld frå 01.01.2017 til 31.12.2019. Avtalen kan ikkje seiast opp i dette tidsrommet utan at vesentlege føresetnader i denne avtalen vert brotne. Frå 2020 vil avtalen bli revidert bl.a. med bakgrunn i eventuelle endringar grunna kommunereforma. Etter dette vil avtalen fornyast årleg - eit år om gongen. Oppseiing av avtalen må meldast til avtalepartnaren skriftleg innan 01.10.
5. Kommunestyret ser det som viktig med tydeleg nærvær lokalt. Region Bergen Reiseliv må vidareføre og styrke samarbeidet med lokale reiselivsaktørar og Nordhordland Utviklingsselskap IKS. Region Bergen Reiseliv rapportar årleg til Nordhordland Utviklingsselskap IKS og kommunane.
6. Kommunane i Region Nordhordland og kommunane Fjell, Sund og Øygarden får ein representant i styret i Region Bergen Reiseliv.

## **22.06.2016 KOMMUNESTYRET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **KS - 066/16 - 22.06.2016 - Vedtak:**

1. Austrheim Kommunestyre ynskjer å organisera reiselivet i regionen ved å inngå ein samarbeidsavtale mellom Region Bergen Reiseliv og kommunane i Nordhordland (Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy) representert ved Nordhordland Utviklingsselskap IKS.
2. Austrheim Kommunestyre gjer årleg tilskot til Region Bergen Reiseliv i tråd med forslag til forretningsplan og saksgrunnlaget, med ein grunnsum på kr 20 000,- pr. år og i tillegg kr 14 pr. innbyggjar i 2017 og justert i samsvar med prisindeksen dei komande åra.
3. Samarbeidsavtale vert utbeidd av Region Bergen Reiseliv og Nordhordland Utviklingsselskap IKS med grunnlag i forretningsplanen og vedtaka i kommunestyra. Samarbeidsavtalen vil bli lagt fram for kommunane før endeleg signering.
4. Denne avtalen gjeld frå 01.01.2017 til 31.12.2019. Avtalen kan ikkje seiast opp i dette tidsrommet utan at vesentlege føresetnader i denne avtalen vert brotne. Frå 2020 vil avtalen bli revidert bl.a. med bakgrunn i eventuelle endringar grunna kommunereforma. Etter dette vil avtalen fornyast årleg - eit år om gongen. Oppseiing av avtalen må meldast til avtalepartnaren skriftleg innan 01.10.
5. Kommunestyret ser det som viktig med tydeleg nærvær lokalt. Region Bergen Reiseliv må vidareføre og styrke samarbeidet med lokale reiselivsaktørar og Nordhordland Utviklingsselskap IKS. Region Bergen Reiseliv rapportar årleg til Nordhordland Utviklingsselskap IKS og kommunane.
6. Kommunane i Region Nordhordland og kommunane Fjell, Sund og Øygarden får ein representant i styret i Region Bergen Reiseliv.

---

## **067/16: Høyringsvar Hordaland fylkeskomune si rullering av skulebruksplan 2017-2030**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommunestyre gjer vedtak om å sende inn følgjande høyringsuttale på Skulebruksplan Hordaland fylkeskommune 2016-2013:

Det vert vist til høyringsdokumenta, og ein kommenterer følgjande punkt frå desse dokumenta:

Nokre av kriteria for vurdering av skulestruktur i vidaregåande opplæring:

- a. HFK meiner at det minimum må vere 300 elevar ved ein vidaregåande skule.
- b. Dimensjonering av fagtilboda bør samsvare med næringslivet og det offentlege sine behov i fylket og aktuell region
- c. Elevar på VG1 bør kunne bu heime
- d. Elevar som har kortast reistid til tilbod i nabofylke bør søkje dit.
- e. Elevar bør ikkje ha meir enn 1 time reisetid frå bustaden til skulen
- f. Skulestrukturen bør samsvare med regionsenterstrukturen og alle regionsentra bør ha store og breie skuletilbod.

For å ta det siste av punkta først: Nordhordland sitt regionsenter er heilt i sør - Knarvik. Men i nord fungerer Mastrevik som eit knutepunkt for infrastruktur, og slik sett er dette også eit naturleg senterpunkt for ein vidaregåande skule for nordre delen av Nordhordland, Solund kommune og Gulen kommune.

Ser ein kriteria i punkta a og b i samanheng, vil ein vidaregåande skule i Austrheim kunne fylla desse kriteria for ei av dei største og mest mangfaldige næringslivsklyngene i Hordaland. Næringslivet her er livskraftig, og inne i ei naturleg omstilling som vil gi auka aktivitet. Skulen ligg nært næringsklyngene på Mongstad og i Sløvåg der ein ser tydelege teikn på ei framtidsretting av aktivitetane. HFK har som uttalt mål å utvikle heile Hordaland. Då kan ikkje ei udokumentert nedre elevtalsgrense (min. 300 elevar) vektast i spørsmålet om vidaregåande skule i Austrheim. Elevtalet 264 kunne godt vere høgare, men er absolutt ikkje for lite med tanke på å oppfylle eit utdanningspolitisk mandat for regionen.

Punkt c. ovanfor er eit viktig kriterium for denne aldersgruppa (16-18år). Det kan underbyggjast med solid ny forskning. Dersom HFK vel å fjerne vidaregåande skuletilbod i Austrheim, og samstundes skyve skuletilboda sørover mot Knarvik/Åsane/Bergen, slik høyringsframlegget legg opp til, blir det mange elevar som ikkje kan bu heime. Vi veit at mange familiar vil vurdere å flytte sørover dersom barnet deira må bu på hybel for å gå på vidaregåande skule. Slik kan HFK kome til å bidra til utarming av eit vel fungerande distrikt og utkantområde – stikk i strid med uttalt mål om å utvikle heile Hordaland.

Punkt d. ovanfor gjeld i høgste grad for Solund og Gulen kommunar. Dersom vidaregåande skule i Austrheim vert fjerna, vil dei ikkje ha noko alternativ til vidaregåande skule der dei kan bu heime. Dett er eit perspektiv ein ikkje kan sjå bort frå når ein på høgt nivå skal forvalte samfunnsansvar.



Så har vi punkt e: Opplysningane som HFK kjem med i høyringsdokumentet når det gjeld reisetid er direkte feil, og kan opplevast manipulerande. Det er mogeleg å klare dei oppgjevne tidene (45 min) med privatbil på tørre vegar, med lite trafikk og relativt heftig kjøring – men ikkje frå Austrheim sine eigne utkantar og Fedje kommune. Med buss (jfr. Skyss sine rutetabellar) er tida oppgitt til 1t. og 8 minutt frå Mastrevik Torg, men dei færraste bur der. Så reisetida ein veg kjem til å overstige 1 time med god margin for mange av elevane dersom dei må reise til Knarvik på skule. Då kan alternativet fort bli hybel eller flytting.

Då gjeldande skulebruksplan vart handsama hausten 2012, gjorde Austrheim kommune eit grundig arbeid, både lokalt og i samarbeid med HFK. Det vart i den samanheng gjort ei felles utgreiing av 8-13 skule i Austrheim. Ein fann at 8-13 skule ikkje var realistisk, men det vart i staden lagt eit solid grunnlag for eit gjensidig forpliktande samarbeid mellom ungdomsskuletrinna i Austrheim kommune og Austrheim vidaregåande skule. Dette samarbeidet er starta opp, og fungerer godt. Fagfelta er naturfag, realfag og energi. I tillegg pågår det erfaringsutveksling mellom skulane knytt til vurdering for læring.

**Det vert også vist til Regionrådet i Nordhordland sitt høyringsvar på denne skulebruksplanen:**

**«Regionrådet i Nordhordland krev at Fylkestinget gjer fylgjande vedtak:**

- *Nordhordland skal ha dagens tre vidaregåande skular; Knarvik, Austrheim og Osterøy (i Arnaregion), og me skal ha kapasitet på utdanningstilbod på 1300 plassar (for Knarvik og Austrheim), slik elevtalsprognosen tilseier.*
- *Knarvik VGS får tilført Kunst, design og arkitektur, og får behalde Service og samferdsel med Transport og logistikk.*
- *Austrheim VGS vert satsa på ved å oppretthalda studiespesialiserande tilbod som vert utvida med fordjuping i havsportretta friluftsliv.*
- *Bygg- og anleggsgagtilbodet må verta utvida med ISO-faget (isolasjon, stillas, overflate) vedanten Austrheim VGS eller Knarvik VGS. Me har fått innspel frå næringslivet om at dei ynskjer norske fagarbeidarar i dette faget, men det meste av kompetansen er i dag utanlands.*
- *Det må også investerast i bygningar som samlokaliserer Knarvik VGS på Juvikstølen, og nybygg ved Austrheim VGS.*
- *Nordhordland har gode tradisjonar for satsing på yrkesfag, og me har eit særst godt samarbeid mellom næringsliv, kommunar og skular som gjer at me har høgt tal læreplassar i regionen. Dette underbyggjer at det ikkje må flyttast opplæringstilbod ut av regionen.*
- *Samarbeidsavtalen med Sogn og Fjordane må vidareførast slik at elevane dette gjeld får buheime og gå ved Austrheim VGS. Skulane er til for elevane, same kor dei bur!*
- *TAF-tilbodet må synast betre i utdanningstilbodet. Me meiner det desavuerer dette tilbodet at det ikkje i det heile blir omtalt i skulebruksplanen.»*

Dersom HFK legg ned vidaregåande skule i Austrheim, er ulempene for folk og næringsliv i nordre del av Nordhordland, Gulen kommune og Solund kommune store, mangfaldige og innlysande.

Austrheim kommunestyre forventar difor at HFK gjer vedtak om at ein ny, vital og framtidretta

vidaregåande skule i Austrheim skal bli ei viktig brikke i utviklinga av nordre del av Hordaland.

Vi legg ved Austrheim sitt høyringssvar av 26.09.2012, og presiserer at Austrheim kommune framleis står ved

- kravet om å oppretthalde Vidaregåande skule i Austrheim, som naturleg skulestad for elevane frå
  - nordre del av Radøy
  - Austrheim
  - Fedje
  - Gulen
  - Solund
  - Masfjorden
  - nordre del av Lindås
- våre tilbod om fine og svært godt tenlege tomteareal for nytt skulebygg
  - i området der skulen ligg no i Mastrevik
  - i området ved Austrheim idrettspark i Mastrevik
  - i området ved Mongstad
- forpliktande samarbeid mellom ungdomsstega og vidaregåande skule.

Austrheim kommunestyre går i mot HFK sine skuleplanar for 2016-2030 som går ut på å fjerne det vidaregåande skuletilbodet som høyrer naturleg heime i vår del av regionen. Austrheim kommunestyret stiller seg fullt og heilt bak krava i høyringssvaret frå Regionrådet i Nordhordland.

## **22.06.2016 KOMMUNESTYRET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **KS - 067/16 - 22.06.2016 - Vedtak:**

Austrheim kommunestyre gjer vedtak om å sende inn følgjande høyringsuttale på Skulebruksplan Hordaland fylkeskommune 2016-2030:

Det vert vist til høyringsdokumenta, og ein kommenterer følgjande punkt frå desse dokumenta:

Nokre av kriteria for vurdering av skulestruktur i vidaregåande opplæring:

- a. HFK meiner at det minimum må vere 300 elevar ved ein vidaregåande skule.
- b. Dimensjonering av fagtilboda bør samsvare med næringslivet og det offentlege sine behov i fylket og aktuell region
- c. Elevar på VG1 bør kunne bu heime
- d. Elevar som har kortast reistid til tilbod i nabofylke bør søkje dit.
- e. Elevar bør ikkje ha meir enn 1 time reisetid frå bustaden til skulen
- f. Skulestrukturen bør samsvare med regionsenterstrukturen og alle regionsentra bør ha store og breie skuletilbod.

For å ta det siste av punkta først: Nordhordland sitt regionsenter er heilt i sør - Knarvik. Men i nord fungerer Mastrevik som eit knutepunkt for infrastruktur, og slik sett er dette også eit naturleg senterpunkt for ein vidaregåande skule for nordre delen av

Nordhordland, Solund kommune og Gulen kommune.

Ser ein kriteria i punkta a og b i samanheng, vil ein vidaregåande skule i Austrheim kunne fylle desse kriteria for ei av dei største og mest mangfaldige næringslivsklyngene i Hordaland. Næringslivet her er livskraftig, og inne i ei naturleg omstilling som vil gi auka aktivitet. Skulen ligg nært næringsklyngene på Mongstad og i Sløvåg der ein ser tydelege teikn på ei framtidsretting av aktivitetane. HFK har som uttalt mål å utvikle heile Hordaland. Då kan ikkje ei udokumentert nedre elevtalsgrense (min. 300 elevar) vektast i spørsmålet om vidaregåande skule i Austrheim. Elevtalet 264 kunne godt vere høgare, men er absolutt ikkje for lite med tanke på å oppfylle eit utdanningspolitisk mandat for regionen.

Punkt c. ovanfor er eit viktig kriterium for denne aldersgruppa (16-18år). Det kan underbyggjast med solid ny forskning. Dersom HFK vel å fjerne vidaregåande skuletilbod i Austrheim, og samstundes skyve skuletilboda sørover mot Knarvik/Åsane/Bergen, slik høyringsframlegget legg opp til, blir det mange elevar som ikkje kan bu heime. Vi veit at mange familiar vil vurdere å flytte sørover dersom barnet deira må bu på hybel for å gå på vidaregåande skule. Slik kan HFK kome til å bidra til utarming av eit vel fungerande distrikt og utkantområde – stikk i strid med uttalt mål om å utvikle heile Hordaland.

Punkt d. ovanfor gjeld i høgste grad for Solund og Gulen kommunar. Dersom vidaregåande skule i Austrheim vert fjerna, vil dei ikkje ha noko alternativ til vidaregåande skule der dei kan bu heime. Dett er eit perspektiv ein ikkje kan sjå bort frå når ein på høgt nivå skal forvalte samfunnsansvar.

Så har vi punkt e: Opplysningane som HFK kjem med i høyringsdokumentet når det gjeld reisetid er direkte feil, og kan opplevast manipulerande. Det er mogeleg å klare dei oppgjevne tidene (45 min) med privatbil på tørre vegar, med lite trafikk og relativt heftig kjøring – men ikkje frå Austrheim sine egne utkantar og Fedje kommune. Med buss (jfr. Skyss sine rutetabellar) er tida oppgitt til 1t. og 8 minutt frå Mastrevik Torg, men dei færraste bur der. Så reisetida ein veg kjem til å overstige 1 time med god margin for mange av elevane dersom dei må reise til Knarvik på skule. Då kan alternativet fort bli hybel eller flytting.

Då gjeldande skulebruksplan vart handsama hausten 2012, gjorde Austrheim kommune eit grundig arbeid, både lokalt og i samarbeid med HFK. Det vart i den samanheng gjort ei felles utgreiing av 8-13 skule i Austrheim. Ein fann at 8-13 skule ikkje var realistisk, men det vart i staden lagt eit solid grunnlag for eit gjensidig forpliktande samarbeid mellom ungdomsskuletrinna i Austrheim kommune og Austrheim vidaregåande skule. Dette samarbeidet er starta opp, og fungerer godt. Fagfelta er naturfag, realfag og energi. I tillegg pågår det erfaringsutveksling mellom skulane knytt til vurdering for læring.

**Det vert også vist til Regionrådet i Nordhordland sitt høyringssvar på denne skulebruksplanen:**

**«Regionrådet i Nordhordland krev at Fylkestinget gjer fylgjande vedtak:**

- Nordhordland skal ha dagens tre vidaregåande skular; Knarvik, Austrheim og Osterøy (i Arnaregion), og me skal ha kapasitet på utdanningstilbod på 1300 plassar (for Knarvik og Austrheim), slik elevtalsprognosen tilseier.
- Knarvik VGS får tilført Kunst, design og arkitektur, og får behalde Service og samferdsel med Transport og logistikk.
- Austrheim VGS vert satsa på ved å oppretthalda studiespesialiserande tilbod som vert utvida med fordjuping i havsportretta friluftsliv.
- Bygg- og anleggsgagtilbodet må verta utvida med ISO-faget (isolasjon, stillas, overflate) vedanten Austrheim VGS eller Knarvik VGS. Me har fått innspel frå næringslivet om at dei ynskjer norske fagarbeidarar i dette faget, men det meste av kompetansen er i dag utanlands.
- Det må også investerast i bygningar som samlokaliserer Knarvik VGS på Juvikstølen, og nybygg ved Austrheim VGS.
- Nordhordland har gode tradisjonar for satsing på yrkesfag, og me har eit særst godt samarbeid mellom næringsliv, kommunar og skular som gjer at me har høgt tal læreplassar i regionen. Dette underbyggjer at det ikkje må flyttast opplæringstilbod ut av regionen.
- Samarbeidsavtalen med Sogn og Fjordane må vidareførast slik at elevane dette gjeld får buheime og gå ved Austrheim VGS. Skulane er til for elevane, same kor dei bur!
- TAF-tilbodet må synast betre i utdanningstilbodet. Me meiner det desavuerer dette tilbodet at det ikkje i det heile blir omtalt i skulebruksplanen.»

Dersom HFK legg ned vidaregåande skule i Austrheim, er ulempene for folk og næringsliv i nordre del av Nordhordland, Gulen kommune og Solund kommune store, mangfaldige og innlysande.

Austrheim kommunestyre forventar difor at HFK gjer vedtak om at ein ny, vital og framtidretta vidaregåande skule i Austrheim skal bli ei viktig brikke i utviklinga av nordre del av Hordaland.

Vi legg ved Austrheim sitt høyringssvar av 26.09.2012, og presiserer at Austrheim kommune framleis står ved

- kravet om å oppretthalde Vidaregåande skule i Austrheim, som naturleg skulestad for elevane frå
  - nordre del av Radøy
  - Austrheim
  - Fedje
  - Gulen
  - Solund
  - Masfjorden
  - nordre del av Lindås
- våre tilbod om fine og svært godt tenlege tomteareal for nytt skulebygg
  - i området der skulen ligg no i Mastrevik
  - i området ved Austrheim idrettspark i Mastrevik
  - i området ved Mongstad
- forpliktande samarbeid mellom ungdomsstega og vidaregåande skule.

Austrheim kommunestyre går i mot HFK sine skuleplanar for 2016-2030 som går ut på å fjerne det vidaregåande skuletilbodet som høyrer naturleg heime i vår del av regionen. Austrheim kommunestyret stiller seg fullt og heilt bak krava i høyringssvaret frå Regionrådet i Nordhordland.

---

**068/16: Utplanering i Breidvik eiendom AS sitt sjøområde og geoteknisk undersøkelse-  
Fordeling av kostnadene kr. 749.041,-**

**Rådmannen sitt framlegg:**

I samsvar med referat frå møte den 28.05.13 mellom Austrheim kommune og Breidvik Eigedom AS avventer Austrheim kommune å krevja inn Breidvik eigedom si del av det forskutterte beløpet på kr. 749.041,- til utplanering, prosjektkostnader og geotekniske undersøkingar til detaljplanlegginga er gjennomført for å avklare kva som er offentleg og kva som skal vera Breidvik Eigedom AS sitt ansvar.

Det forutsettast då at partane vert samd om fordelinga.

Faktura datert 31.12.14 vert soleis trukket i påventa av endelege fordelinga .

**22.06.2016 KOMMUNESTYRET**

Framlegg frå H v/ Jorund Stellberg:

Faktura 5003973 frå Austrheim kommune til Kystlandsbyen AS, skal betalast innan 31.07.16, då leveransane knytt til faktura er levert.

Nødvendige korreksjonar gjerast opp etter at detaljplanlegging er ferdig handsama.

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 11 røyster mot 6 røyster(H + V).

**KS - 068/16 - 22.06.2016 - Vedtak:**

I samsvar med referat frå møte den 28.05.13 mellom Austrheim kommune og Breidvik Eigedom AS avventer Austrheim kommune å krevja inn Breidvik eigedom si del av det forskutterte beløpet på kr. 749.041,- til utplanering, prosjektkostnader og geotekniske undersøkingar til detaljplanlegginga er gjennomført for å avklare kva som er offentleg og kva som skal vera Breidvik Eigedom AS sitt ansvar. Det forutsettast då at partane vert samd om fordelinga.

Faktura datert 31.12.14 vert soleis trukket i påventa av endelege fordelinga .

---

**069/16: Kjøp av bustad**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommunestyre gjev rådmannen fullmakt til å kjøpe Høgeberget 16, gnr 149, bnr 62 til bruk for flykningar for kr 2.740.000,-. Finansiering vert med tilskott på intill 40 % av kjøpesummen og restfinansiering gjennom lån i Husbanken.

**08.06.2016 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

**FS - 083/16 - 08.06.2016 - Vedtak:**

Austrheim kommunestyre gjev rådmannen fullmakt til å kjøpe Høgeberget 16, gnr 149, bnr 62 til bruk for flykningar for kr 2.740.000,-. Finansiering vert med tilskott på inntil 40 % av kjøpesummen og restfinansiering gjennom lån i Husbanken.

**22.06.2016 KOMMUNESTYRET**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

**KS - 069/16 - 22.06.2016 - Vedtak:**

Austrheim kommunestyre gjev rådmannen fullmakt til å kjøpe Høgeberget 16, gnr 149, bnr 62 til bruk for flykningar for kr 2.740.000,-. Finansiering vert med tilskott på inntil 40 % av kjøpesummen og restfinansiering gjennom lån i Husbanken.

---

**070/16: Detaljregulering Mongstadporten Aust, Gnr. 130 Bnr. 93 - Planid. 2014003 - Godkjenning**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommune godkjenner detaljregulering for Mongstadporten Aust, Gnr. 130 Bnr. 93 med planid. 2014003. Grunngevinga for vedtaket står i saksutgreiinga. Plandokumenta er datert 23.05.2016. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-12.

**08.06.2016 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

**FS - 075/16 - 08.06.2016 - Vedtak:**

Austrheim kommune godkjenner detaljregulering for Mongstadporten Aust, Gnr. 130 Bnr. 93 med planid. 2014003. Grunngevinga for vedtaket står i saksutgreiinga. Plandokumenta er datert 23.05.2016. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-12.

**22.06.2016 KOMMUNESTYRET**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

**KS - 070/16 - 22.06.2016 - Vedtak:**

Austrheim kommune godkjenner detaljregulering for Mongstadporten Aust, Gnr. 130 Bnr. 93 med planid. 2014003. Grunngevinga for vedtaket står i saksutgreiinga. Plandokumenta er datert 23.05.2016. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-12.

---

### **071/16: Årås skule - Overflytting av skulebiblioteket til biblioteket**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

Ansvar for skulebiblioteket på Årås skule vert frå 01.08.16 overflytta til biblioteket i Austrheim. Kostnaden i 2016 kr. 30.000,- vert dekkja for post 10100 251 2700 med overføring frå post 14903 802 1903.

Ekstraressursen vert innarbeida i budsjettet for 2017.

### **08.06.2016 FORMANNSKAPET**

#### Fellesframlegg:

Ansvar for skulebiblioteket på Årås skule vert frå 01.08.16 overflytta til biblioteket i Austrheim. Kostnaden i 2016 kr. 30.000,- vert dekkja med overflytting frå ansvar 220 til 251.

Fellesframlegget vart samrøystes tilrådd.

### **FS - 079/16 - 08.06.2016 - Vedtak:**

Ansvar for skulebiblioteket på Årås skule vert frå 01.08.16 overflytta til biblioteket i Austrheim. Kostnaden i 2016 kr. 30.000,- vert dekkja med overflytting frå ansvar 220 til 251.

### **22.06.2016 KOMMUNESTYRET**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

### **KS - 071/16 - 22.06.2016 - Vedtak:**

Ansvar for skulebiblioteket på Årås skule vert frå 01.08.16 overflytta til biblioteket i Austrheim. Kostnaden i 2016 kr. 30.000,- vert dekkja med overflytting frå ansvar 210 til 251.

---

### **072/16: Utarbeiding av rusmiddelpolitisk handlingsplan**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

1. Vedtak gjort i sak KS-30/16 vert oppheva.
2. Kommunestyret viser til § 1-6 i alkohollova og ber om at rådmannen utarbeider alkoholpolitiske plan og alkoholpolitiske retningslinjer slik at sak om forlenging av sals- og skjenkeløyve utan søknadsprosess, kan leggjast fram for kommunestyret i september.
3. Kommunestyret oppnemner ... som representant i referansegruppa.

## **22.06.2016 KOMMUNESTYRET**

Fellesframlegg:

1. Vedtak gjort i sak KS-30/16 vert oppheva.
2. Kommunestyret viser til § 1-6 i alkohollova og ber om at rådmannen utarbeider alkoholpolitiske plan og alkoholpolitiske retningslinjer slik at sak om forlenging av sals- og skjenkeløyve utan søknadsprosess, kan leggjast fram for kommunestyret i september.
3. Kommunestyret oppnemner Anne Dahle Austrheim som representant i referansegruppa.

### **KS - 072/16 - 22.06.2016 - Vedtak:**

1. Vedtak gjort i sak KS-30/16 vert oppheva.
2. Kommunestyret viser til § 1-6 i alkohollova og ber om at rådmannen utarbeider alkoholpolitiske plan og alkoholpolitiske retningslinjer slik at sak om forlenging av sals- og skjenkeløyve utan søknadsprosess, kan leggjast fram for kommunestyret i september.
3. Kommunestyret oppnemner Anne Dahle Austrheim som representant i referansegruppa.

---

## **073/16: Tertialrapport nr. 1 - 2016**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Tertialrapport 1 – 2016 vert teke til vitande.

## **08.06.2016 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

### **FS - 080/16 - 08.06.2016 - Vedtak:**

Tertialrapport 1 – 2016 vert teke til vitande.

## **22.06.2016 KOMMUNESTYRET**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

### **KS - 073/16 - 22.06.2016 - Vedtak:**



Tertialrapport 1 – 2016 vert teke til vitande.

---

## 074/16: Budsjettjusteringar nr. 1 - 2016

### Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre godkjenner fylgjande justeringar av budsjettet for 2016:

Ansv. Kontotekst:	Auka utg.	Red. utgift	Auka innt.	Red. innt.
900 Auka rammetilskot			-450 000	
900 Auka utbytte			-248 000	
900 Kostnader taksering	1 100 000			
100 Vakant stilling			-250 000	
190 Auka inntekt lærlingar			-200 000	
500 Vakant stilling			-500 000	
333 Meirinnt. Ressurskrevjande			-400 000	
333 Merkostn. Ressurskrevende	900 000			
500 Auka gebyr			-202 000	
501 Reduksjon tilskot			-100 000	
900 Overskudd	350 000			
800 K-sak 40/17, Tilskot næringsssel.	115 000			
802 K-sak 40/17, Tilskot næringsssel.			-115 000	
99 K-sak overføring av lån 2015			-7 177 239	
99 Oppgradering Årås skule	700 000			
99 Omsorgsbustader	1 345 000			
99 Vinterhage Nordliheimen	70 000			
99 Trafikksikring	500 000			
99 Kaiar i Austrheim	1 000 000			
99 Trafikksikring Fonnes	900 000			
99 Kai Åråsvågen	500 000			
99 Gangveggar	670 000			
99 Oppgradering Tresvikvegen	200 000			
99 Salg Årås barnehage			-2 100 000	
99 Avsetning ubunden investeringsf.	2 100 000			
99 Gangveg Kaland	600 000			
99 Eigenkapitalinnskot KLP	692 239			
	11 742 239		-11 742 239	

### 08.06.2016 FORMANNSKAPET

Jorund Stellberg ba om at Austrheim vurderer rapportering med utgangspunkt i framlagt døme. Administasjonen ser på dette om gjev tilbakemelding i seinare møte.

Fellesframlegg:

Austrheim kommunestyre godkjenner fylgjande justeringar av budsjettet for 2016:

<b>Ansv.</b>	<b>Kontotekst:</b>	<b>Auka utg.</b>	<b>Red. utgif</b>	<b>Auka innt.</b>	<b>Red. innt.</b>
900	Auka rammetilskot			-450 000	
900	Auka utbytte			-248 000	
900	Kostnader taksering	1 100 000			
100	Vakant stilling			-250 000	
190	Auka inntekt lærlingar			-200 000	
210	Årås skule		-30 000		
251	Bibliotek	30 000			
500	Vakant stilling			-500 000	
333	Meirinnt. Ressurskrevjande			-400 000	
333	Merkostn. Ressurskrevende	900 000			
500	Auka gebyr			-202 000	
501	Reduksjon tilskot			-100 000	
900	Overskudd	350 000			
800	K-sak 40/17, Tilskot næringsssel.	115 000			
802	K-sak 40/17, Tilskot næringsssel.			-115 000	
99	K-sak overføring av lån 2015			-7 177 239	
99	Oppgradering Årås skule	700 000			
99	Omsorgsbustader	1 345 000			
99	Vinterhage Nordliheimen	70 000			
99	Trafikksikring	500 000			
99	Kaiar i Austrheim	1 000 000			
99	Trafikksikring Fonnes	900 000			
99	Kai Åråsvågen	500 000			
99	Gangvegar	670 000			
99	Oppgradering Tresvikvegen	200 000			
99	SalgÅrås barnehage			-2 100 000	
99	Avsetning ubunden investeringsf	2 100 000			
99	Gangveg Kaland	600 000			
99	Eigenkapitalinnskot KLP	692 239			
		11 772 239	-30 000	-11 742 239	

Fellesframlegget vart samrøystes tilrådd.

**FS - 081/16 - 08.06.2016 - Vedtak:**

<b>Austrheim kommunestyre godkjenner fylgjande justeringar av budsjettet for 2016:</b>					
<b>Ansv.</b>	<b>Kontotekst:</b>	<b>Auka utg.</b>	<b>Red. utgif</b>	<b>Auka innt.</b>	<b>Red. innt.</b>
900	Auka rammetilskot			-450 000	
900	Auka utbytte			-248 000	
900	Kostnader taksering	1 100 000			
100	Vakant stilling			-250 000	
190	Auka inntekt lærlingar			-200 000	
210	Årås skule		-30 000		
251	Bibliotek	30 000			
500	Vakant stilling			-500 000	
333	Meirinnt. Ressurskrevjande			-400 000	
333	Merkostn. Ressurskrevende	900 000			
500	Auka gebyr			-202 000	
501	Reduksjon tilskot			-100 000	
900	Overskudd	350 000			
800	K-sak 40/17, Tilskot næringsssel.	115 000			
802	K-sak 40/17, Tilskot næringsssel.			-115 000	
99	K-sak overføring av lån 2015			-7 177 239	
99	Oppgradering Årås skule	700 000			
99	Omsorgsbustader	1 345 000			
99	Vinterhage Nordliheimen	70 000			
99	Trafikksikring	500 000			
99	Kaiar i Austrheim	1 000 000			
99	Trafikksikring Fønnes	900 000			
99	Kai Åråsvågen	500 000			
99	Gangveggar	670 000			
99	Oppgradering Tresvikvegen	200 000			
99	SalgÅrås barnehage			-2 100 000	
99	Avsetning ubunden investeringsf	2 100 000			
99	Gangveg Kaland	600 000			
99	Eigenkapitalinnskot KLP	692 239			
		<b>11 772 239</b>	<b>-30 000</b>	<b>-11 742 239</b>	

## 22.06.2016 KOMMUNESTYRET

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

**KS - 074/16 - 22.06.2016 - Vedtak:**

<b>Austrheim kommunestyre godkjenner fylgjande justeringar av budsjettet for 2016:</b>					
<b>Ansv.</b>	<b>Kontotekst:</b>	<b>Auka utg.</b>	<b>Red. utgif</b>	<b>Auka innt.</b>	<b>Red. innt.</b>
900	Auka rammetilskot			-450 000	
900	Auka utbytte			-248 000	
900	Kostnader taksering	1 100 000			
100	Vakant stilling			-250 000	
190	Auka inntekt lærlingar			-200 000	
210	Årås skule		-30 000		
251	Bibliotek	30 000			
500	Vakant stilling			-500 000	
333	Meirinnt. Ressurskrevjande			-400 000	
333	Merkostn. Ressurskrevende	900 000			
500	Auka gebyr			-202 000	
501	Reduksjon tilskot			-100 000	
900	Overskudd	350 000			
800	K-sak 40/17, Tilskot næringsssel.	115 000			
802	K-sak 40/17, Tilskot næringsssel.			-115 000	
99	K-sak overføring av lån 2015			-7 177 239	
99	Oppgradering Årås skule	700 000			
99	Omsorgsbustader	1 345 000			
99	Vinterhage Nordliheimen	70 000			
99	Trafikksikring	500 000			
99	Kaiar i Austrheim	1 000 000			
99	Trafikksikring Fønnes	900 000			
99	Kai Åråsvågen	500 000			
99	Gangveggar	670 000			
99	Oppgradering Tresvikvegen	200 000			
99	SalgÅrås barnehage			-2 100 000	
99	Avsetning ubunden investeringsf	2 100 000			
99	Gangveg Kaland	600 000			
99	Eigenkapitalinnskot KLP	692 239			
		11 772 239	-30 000	-11 742 239	

075/16: Budsjett 2016 - Økonomiplan 2017 - 2020

Rådmannen sitt framlegg:

1. Økonomiplan 2017-2020, vert vedteke slik det ligg føre i tabelloppsettet i saksutgreiinga, med fylgjande endringar på driftsrammene for dei einssilde driftsåra:

Rammeområde:	2017	2018	2019	2020
--------------	------	------	------	------


**2. 1. års ramme i økonomiplanen, vert grunnlaget for det vidare arbeidet med å fastsetje årsbudsjettet for år 2017**

**3. Dei totale investeringsrammene for åra 2017-2020, vert vedteke slik dei ligg føre i vedlagte tabelloppsett, med fylgjande endringar for dei einskilde driftsåra:**

Pr.nr.	Investeringar:	2017	2018	2019	2020

## 08.06.2016 FORMANNSKAPET

Framlegg frå H v/ Jorund Stellberg:

Austrheim Høgre vil ha ein planmessig gjennomgang av administrasjon og tenesteproduksjon med sikte på ikkje å innføre eigedomsskatt på hus og fritidsbustad.

Framlegg frå Ap v/ Siri Kaland:

Det vert i 2016 gjennomført taksering av eigedommar knytt til anna næring, taksering av hus og fritidseigedommar og ny taksering av eigedommar knytt til verk og bruk. For Ap vil det vera svært vanskeleg å innføre eigedomsskatt på hus og fritidseigedommar som følgje av Austrheim kommune sin vanskelege økonomiske situasjon. Dei økonomiske utfordringane kommunen har, må etter Ap sine vurderinga løysast gjennom andre tiltak enn ved innføring av eigedomsskatt. Grunnen til at me støttar ei taksering av hus og fritidseigedommar no, er at me veit at Finansdepartementet vurderer å innføre nye reglar for skattelegging av verk og bruk. Dersom dette vert ein realitet, vil det få dramatiske konsekvensar for dei kommunane som i dag har skatt på verk og bruk. I ein slik situasjon vil Austrheim kommune bli tvinga til å innføre eigedomsskatt på hus og fritidseigedommar. Ap ønskjer difor å ha grunnlaget klart slik at kommunen er godt førebudd dersom regjeringa gjer store endringar i reglane for skattelegging av verk og bruk.

Når det gjeld sjølve økonomiplanen for 2016 – 2020 så ønskjer me at det vert gjort følgjande endringar:

- Eigedomsskatt: Vert redusert frå 21 800 til 16 000
- Skatt på inntekt og formue: Vert auka frå 87 700 til 92 135

Dei andre tala i tabellen, blant anna inntektsutjamninga, vert juster i tråd med desse endringane.

Me byggjer forslaget vårt på at KS har rekna ut at Austrheim kommune vil få ein vekst i frie inntekter på 5% frå 2016 til 2017. Desse utrekningane skal vera basert på det nye inntektssystemet og vera i tråd

med det som kom fram i kommuneproposisjonen i mai. Ser ein bort frå eigedomsskatt og andre inntekter som normalt ikkje vert rekna inn i dei fri inntektene, ser det ut til at KS har rekna ut at Austrheim vil få ein vekst i dei frie inntektene på minst 8,3 millionar kroner. Då skal dei også ha tatt omsyn til ei eventuell inntektsutjamning. Me meiner difor at det vil vera forsvarleg og auka skatteanslaget som vist over.

**Framlegg til vedtak:**

I økonomiplanen for 2016 – 2020 vert det gjort følgjande endringar:

- Eigedomsskatt: Vert redusert frå 21 800 til 16 000
- Skatt på inntekt og formue: Vert auka frå 87 700 til 92 135

Dei andre tala i tabellen vert justert i tråd med desse endringane.

Med utgangspunkt i dei to framlegga vert det gjort fylgjande fellesframlegg:

- 1. Økonomiplan 2017-2020, vert vedteke slik det ligg føre i tabelloppsettet i saksutgreiinga, med fylgjande endringar på driftsrammene for dei einskilde driftsåra:**

<b>Rammeområde:</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>
Netto auke i frie inntekter	4435	4435	4435	4435
Reduksjon eigedomsskatt	-5800	-5800	-5800	-5800
Integreringstilskot flyktningar	400	400	400	400

- 2. 1. års ramme i økonomiplanen, vert grunnlaget for det vidare arbeidet med å fastsetje årsbudsjettet for år 2017**
- 3. Dei totale investeringsrammene for åra 2017-2020, vert vedteke slik dei ligg føre i vedlagte tabelloppsett.**

**FS - 082/16 - 08.06.2016 - Vedtak:**

- 1. Økonomiplan 2017-2020, vert vedteke slik det ligg føre i tabelloppsettet i saksutgreiinga, med fylgjande endringar på driftsrammene for dei einskilde driftsåra:**

<b>Rammeområde:</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>
Netto auke i frie inntekter	4435	4435	4435	4435
Reduksjon eigedomsskatt	-5800	-5800	-5800	-5800
Integreringstilskot flyktningar	400	400	400	400

- 2. 1. års ramme i økonomiplanen, vert grunnlaget for det vidare arbeidet med å fastsetje årsbudsjettet for år 2017**
- 3. Dei totale investeringsrammene for åra 2017-2020, vert vedteke slik dei ligg føre i vedlagte tabelloppsett.**

## 22.06.2016 KOMMUNESTYRET

Framlegg til nytt pkt 4:

a) Austrheim Høgre vil ha ein planmessig gjennomgang av administrasjon og tenesteproduksjon med sikte på ikkje å innføre eigedomsskatt på hus og fritidsbustad.

b) Det vert i 2016 gjennomført taksering av eigedommar knytt til anna næring, taksering av hus og fritidseigedommar og ny taksering av eigedommar knytt til verk og bruk. For Ap vil det vera svært vanskeleg å innføre eigedomsskatt på hus og fritidseigedommar som følgje av Austrheim kommune sin vanskelege økonomiske situasjon. Dei økonomiske utfordringane kommunen har, må etter Ap sine vurderinga løysast gjennom andre tiltak enn ved innføring av eigedomsskatt. Grunnen til at me støttar ei taksering av hus og fritidseigedommar no, er at me veit at Finansdepartementet vurderer å innføre nye reglar for skattelegging av verk og bruk. Dersom dette vert ein realitet, vil det få dramatiske konsekvensar for dei kommunane som i dag har skatt på verk og bruk. I ein slik situasjon vil Austrheim kommune bli tvinga til å innføre eigedomsskatt på hus og fritidseigedommar. Ap ønskjer difor å ha grunnlaget klart slik at kommunen er godt førebudd dersom regjeringa gjer store endringar i reglane for skattelegging av verk og bruk.

Når det gjeld sjølve økonomiplanen for 2016 – 2020 så ønskjer me at det vert gjort følgjande endringar:

- Eigedomsskatt: Vert redusert frå 21 800 til 16 000
- Skatt på inntekt og formue: Vert auka frå 87 700 til 92 135

Dei andre tala i tabellen, blant anna inntektsutjamninga, vert juster i tråd med desse endringane. Me byggjer forslaget vårt på at KS har rekna ut at Austrheim kommune vil få ein vekst i frie inntekter på 5% frå 2016 til 2017. Desse utrekningane skal vera basert på det nye inntektssystemet og vera i tråd med det som kom fram i kommuneproposisjonen i mai. Ser ein bort frå eigedomsskatt og andre inntekter som normalt ikkje vert rekna inn i dei frie inntektene, ser det ut til at KS har rekna ut at Austrheim vil få ein vekst i dei frie inntektene på minst 8,3 millionar kroner. Då skal dei også ha tatt omsyn til ei eventuell inntektsutjamning. Me meiner difor at det vil vera forsvarleg og auka skatteanslaget som vist over.

Formannskapet si tilråding med tillegg av nytt pkt. 4 vart samrøystes vedteke.

### **KS - 075/16 - 22.06.2016 - Vedtak:**

1. Økonomiplanen 2017-2020, vert vedteke slik det ligg føre i tabelloppsettet i saksutgreinga, med fylgjande endringar på driftsrammene for dei einskilde driftsåra:

Rammeområde:	2017	2018	2019	2020
Netto auke i frie inntekter	4435	4435	4435	4435
Reduksjon eigedomsskatt	-5800	-5800	-5800	-5800
Integreringstilskot flyktningar	400	400	400	400

2. 1.års ramme i økonomiplanen, vert grunnlaget for det idare arbeidet med å fastsetje årsbudsjettet for år 2017.

3. Dei totale inverteringsrammene for åra 2017 - 2020, vert vedteke slik dei ligg føre i vedlagt tabelloppsett.

4.a) Austrheim Høgre vil ha ein planmessig gjennomgang av administrasjon og tenesteproduksjon med sikte på ikkje å innføre eigedomsskatt på hus og fritidsbustad.

b) Det vert i 2016 gjennomført taksering av eigedommar knytt til anna næring, taksering av hus og fritidseigedommar og ny taksering av eigedommar knytt til verk og bruk. For Ap vil det vera svært vanskeleg å innføre eigedomsskatt på hus og fritidseigedommar som følgje av Austrheim kommune sin vanskelege økonomiske situasjon. Dei økonomiske utfordringane kommunen har, må etter Ap sine vurderinga løysast gjennom andre tiltak enn ved innføring av eigedomsskatt. Grunnen til at me støttar ei taksering av hus og fritidseigedommar no, er at me veit at Finansdepartementet vurderer å innføre nye reglar for skattelegging av verk og bruk. Dersom dette vert ein realitet, vil det få dramatiske konsekvensar for dei kommunane som i dag har skatt på verk og bruk. I ein slik situasjon vil Austrheim kommune bli tvinga til å innføre eigedomsskatt på hus og fritidseigedommar. Ap ønskjer difor å ha grunnlaget klart slik at kommunen er godt førebudd dersom regjeringa gjer store endringar i reglane for skattelegging av verk og bruk.

Når det gjeld sjølve økonomiplanen for 2016 – 2020 så ønskjer me at det vert gjort følgjande endringar:

- Eigedomsskatt: Vert redusert frå 21 800 til 16 000
- Skatt på inntekt og formue: Vert auka frå 87 700 til 92 135

Dei andre tala i tabellen, blant anna inntektsutjamninga, vert juster i tråd med desse endringane. Me byggjer forslaget vårt på at KS har rekna ut at Austrheim kommune vil få ein vekst i frie inntekter på 5% frå 2016 til 2017. Desse utrekningane skal vera basert på det nye inntektssystemet og vera i tråd med det som kom fram i kommuneproposisjonen i mai. Ser ein bort frå eigedomsskatt og andre inntekter som normalt ikkje vert rekna inn i dei frie inntektene, ser det ut til at KS har rekna ut at Austrheim vil få ein vekst i dei frie inntektene på minst 8,3 millionar kroner. Då skal dei også ha tatt omsyn til ei eventuell inntektsutjamning. Me meiner difor at det vil vera forsvarleg og auka skatteanslaget som vist over.

---

## **076/16: Søknad om permisjon for politisk verv**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Liv Ulvøy får utvida permisjonen for vervet som kommunestyrerepresentant frem til 01.10.17.  
Petter Lerøy Skårnes fortetter som fast kommunestyrerepresentant for perioden frem til 01.10.17.  
Etter dette vert varamedlemslista som fylgjer: 1.Terje Øystein Dyrnes 2.Torunn Herlaug Helland  
Karlsen 3.Arne Kästel .

## **22.06.2016 KOMMUNESTYRET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **KS - 076/16 - 22.06.2016 - Vedtak:**

Liv Ulvøy får utvida permisjonen for vervet som kommunestyrerepresentant frem til 01.10.17.  
Petter Lerøy Skårnes fortetter som fast kommunestyrerepresentant for perioden frem til 01.10.17.  
Etter dette vert varamedlemslista som fylgjer: 1.Terje Øystein Dyrnes 2.Torunn Herlaug Helland  
Karlsen 3.Arne Kästel .

---



## **077/16: Bruken av ekstraordinære budsjettmidlar til kommunen**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommunestyre set av dei ekstra budsjettmidlane til styrking av vedlikehald på Kaland skule. Rådmannen får mynde til å nytta løyvinga til kjøp av tenester eller å ta inn personell på tiltak etter ei konkret vurdering av behova i prosjektet. I bruken vektlegg ein det overordna kriteriene for bruken av pengane.

### **22.06.2016 KOMMUNESTYRET**

Framlegg frå H v/ Jorund Stellberg:

Austrheim kommune skal nytta tilskotet til å sikra sysselsetting for arbeidsledige i Austrheim. Tiltaka skal koma i tillegg til allereie vedteke tiltak i budsjettet for 2016.

Kommunen trekkjer inn personell som vedlikehaldspersonell i samarbeid med Nav for å styrkja sysselsettinga.

Rådmannen orienterar formannskapet løpande om tiltaka som vert iverksett.

Rådmannen sitt framlegg fekk 11 røyster og framlegget frå H v/ Jorund Stellberg fekk 6 røyster(H+V)

### **KS - 077/16 - 22.06.2016 - Vedtak:**

Austrheim kommunestyre set av dei ekstra budsjettmidlane til styrking av vedlikehald på Kaland skule. Rådmannen får mynde til å nytta løyvinga til kjøp av tenester eller å ta inn personell på tiltak etter ei konkret vurdering av behova i prosjektet. I bruken vektlegg ein dei overordna kriteriene for bruken av pengane.

---

## **078/16: Utviding og fornying av skjenkeløyve for Kjelstraumen Vertshus AS**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommunestyre gjev Kjelstraumen Vertshus AS fylgjande skjenkeløyve:

1. Kjelstraumen Vertshus får løyve til å skjenka alkohol i klasse 1 og klasse 2 frå kl. 11.00 til kl. 01.00 måndag-torsdag.
2. Kjelstraumen Vertshus får løyve til å skjenka alkohol i klasse 1 og klasse 2 frå kl. 11.00 til kl. 02.00 fredag og laurdag.
3. Kjelstraumen Vertshus får løyve til å skjenka alkohol i klasse 1 og klasse 2 frå kl. 12.00 til kl. 01.00 søndag.
4. Kjelstraumen Vertshus får løyve til å skjenka alkohol i klasse 3 frå kl. 13.00 til kl.24.00 måndag-torsdag.
5. Kjelstraumen Vertshus får løyve til å skjenka alkohol i klasse 3 frå kl. 13.00 til kl. 01.00 fredag-laurdag.
6. Kjelstraumen Vertshus får løyve til å skjenka alkohol i klasse 3 frå kl. 13.00 til kl. 24.00

- sundag.
7. Ellers rettar bedrifta seg etter bestemmelsane om skjenketider i alkohollova.
  8. Styrar for løyvet er Hege Ramsland
  9. Avløyсар er Maren B. S. Jensen
  10. Skjenkeområdet utandørs vert godkjent slik det går fram av kart i søknaden.
  11. Bedrifta må betala dei til ei kvar tid gjeldande avgifter og oppgi tal for omsetnaden etter lov og forskrifter.
  12. Bedrifta må retta seg etter dei til ei kvar tid gjeldande reglar i lov, forskrift og alkoholpolitiske retningslinjer.

## **22.06.2016 KOMMUNESTYRET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **KS - 078/16 - 22.06.2016 - Vedtak:**

Austrheim kommunestyre gjev Kjelstraumen Vertshus AS fylgjande skjenkeløyve:

1. Kjelstraumen Vertshus får løyve til å skjenka alkohol i klasse 1 og klasse 2 frå kl. 11.00 til kl. 01.00 måndag-torsdag.
  2. Kjelstraumen Vertshus får løyve til å skjenka alkohol i klasse 1 og klasse 2 frå kl. 11.00 til kl. 02.00 fredag og laurdag.
  3. Kjelstraumen Vertshus får løyve til å skjenka alkohol i klasse 1 og klasse 2 frå kl. 12.00 til kl. 01.00 sundag.
  4. Kjelstraumen Vertshus får løyve til å skjenka alkohol i klasse 3 frå kl. 13.00 til kl.24.00 måndag-torsdag.
  5. Kjelstraumen Vertshus får løyve til å skjenka alkohol i klasse 3 frå kl. 13.00 til kl. 01.00 fredag-laurdag.
  6. Kjelstraumen Vertshus får løyve til å skjenka alkohol i klasse 3 frå kl. 13.00 til kl. 24.00 sundag.
  7. Ellers rettar bedrifta seg etter bestemmelsane om skjenketider i alkohollova.
  8. Styrar for løyvet er Hege Ramsland
  9. Avløyсар er Maren B. S. Jensen
  10. Skjenkeområdet utandørs vert godkjent slik det går fram av kart i søknaden.
  11. Bedrifta må betala dei til ei kvar tid gjeldande avgifter og oppgi tal for omsetnaden etter lov og forskrifter.
  12. Bedrifta må retta seg etter dei til ei kvar tid gjeldande reglar i lov, forskrift og alkoholpolitiske retningslinjer.
-